



# Fri flyt gjennom Europa

Det går tog nesten overalt i Europa, sjølv til skiparadiset Gornergrat i Sveits. Etter å ha reist på interrail i tre veker, ser eg ingen grunn til å fly til Middelhavet eller Alpane.

**Tekst:** MARIT BENDZ **Foto:** JAN LUDVIG HUNDVEBAKKE OG MARIT BENDZ



**LOKFORAREN:**  
Garnergratbanen er den beste arbeidsplassen i verda, tykkjer Gilbert Tesherrig.



► Tvert om – eg ser berre enda fleire grunnar til å ta toget. Jo da, det tek litt lengre tid, men nettopp dei som har det travlast, treng mest å sitje stille nokre timar, sjå korleis natur, kulturlandskap og menneske sakte skiftar. Nettopp dei treng kjensla av å flyte sørover på syngjande sviller.

Bonusane er mange. Du slepp køar og masete kontrollar på flyplassar. På toget er alt handbagasje, og du risikerer ikkje at han forsvinn og vert ettersendt tre dagar seinare. Resten av reisefølget, som tok fly, venta i to dagar på både klær og skisko.

Derimot møter du alle typar menneske, ungar kan springe litt rundt og ingenting er som å ta eit glas vin i restaurantvogna og nyte den sakte tida medan landsbyar og åkrar susar forbi.

Og du kan ha sabla godt samvit. I ein interrailbillett er klimakvoten inkludert og vel så det.

#### Meir enn eit tastetrykk

Då familien på fire skulle teste ut nye interrail, var den første overraskinga kor vanskeleg det var å få tak i billettane. Det er ingen jernbanestasjon i Førde. Vi enda opp med å tinge to billetter på Internett – betalinga gjekk til Frankrike og billettane vart sende frå Boston i USA (!). Dei to andre tinga vi på kundetelefonen til NSB. Der er det trivelege folk, men det er både dyrt og tungvint å ta alle fakta munnleg.

Første delmål er Zermatt i Sveits, eit eldorado for vintersport på grensa til Italia. Billetten gjev rabatt på fleire av ferjene til Color Line og DFDS Seaways. Vi tek Kielferja. Når ein først er komen til kontinentet, går det radig sørover. Det er berre ei dagsreise til store delar av Europa! Vi skal



vere framme i ellevetida om kvelden.

#### Stint av forventningar

Stemminga på ein jernbanestasjon er noko heilt for seg sjølv. Her er heile spekteret av folk, men felles er forventningane som ligg i lufta. Nokon tek heftig farvel, andre skal møte nokon att eller for første gong. Det er latter og tårer, ein skal heim til det som var eller til noko som har skjedd.

Vi studerer medpassasjerane og lagar oss historier: Kven er dei? Kvar skal dei? Kor kjem dei ifrå? Eller leiker titt borte-leiken med vesle Leon, ein kosovoalbanar frå Tyskland, som skal vitje onkelen sin i Sveits saman med mamma.

På det siste toget hamnar vi i lag med to oppskjorta og oppdressa jenter som ikkje skal på ski, men på fest i Zermatt. Dei bruker den siste halvtimen til ein omhyggeleg sminkeseanse, nitid miksing av rusbrus – begge delar sender sterke dufter ut i heile kupeen – og fnisande flørtning med ein norsk tenåring.

#### Gornergratbanen i Zermatt

I fjellandet Sveits er jernbanenettet tettare enn bussrutene. Det er meir kupert enn Noreg, og ein gjer seg visse tankar om kva som er mogleg heime.

Lokomotivfører Gilbert Tesherrig har køyrt Gornergrattoget i 36 år. Både skituristar og andre elskar

den vesle jernbanen som bruker kring tre kvarter på den knappe mila frå Zermatt opp til Gornergrat, frå 1620 til 3089 moh. Jernbanen er 110 år gammal, med tannstagg i midten for å klare dei bratte stigningane. Toppfarten er 30 km/t oppover, litt mindre nedover.

Gilbert er snart pensjonist, men då skal han ikkje på interrail, då skal han fly!

– Zermatt er blitt for stort, tykkjer han. Bustadbygginga kryp lenger og lenger opp etter fjellsidene der gondolane mest sneier hustaka.

Av og til ser vi konturane av Matterhorn, som ligg innhylla i skodde. Fjellet er like heilag for

sveitsarane som Ararat er for armenarane.

#### Kupédebatt

Frå vinter, nysnø og minus 23 grader på fjellet i Sveits tøffar toget inn i våren i Italia. Landskapet og folk endrar seg. Vi lyttar til intense samtalar og undrar oss over kva språk dette kan vere. Smeltedigelen Europa. Den godslege karen med sikspens er sikkert ein engelsk bonde på ferie, tenkjer vi. Meir feil kan det ikkje bli, han er pensjonist frå New York.

Ein italiensk juststudent kjem opp i ein ivrig diskusjon med det amerikanske reisefølget. Dei er samde om at Bush og Berlusconi er like håplause – kvifor må vi slite

#### FLEIRE OG FLEIRE VIL PÅ INTERRAIL

Mellom januar og april i år auka salet av interrailbilletter frå Noreg med 166 prosent. Dette togtilbodet er populært i alle aldersgrupper.

Etter fleire år med attendegang i salet av interrail er det no for andre året på rad ein kraftig auke i salet. I 2007 vart det selt 4145 interrailbilletter i Noreg. Dette er ein auke på 38 prosent.

Det er kategorien «vaksne» som har den sterke veksten, men det er jamvel fleire ungdomar som vel togferie.

– Aukinga i salet kom etter at vi i april i fjor kom ut med eit nytt interrailprodukt der det er større fleksibilitet for kundane. Du kan få billetter for kortare eller lengre reiser, og du kan fritt velje kva for land du vil reise i innanfor dei 30 landa som er med i tilbodet. Du treng heller ikkje bestemme på førehand kva for land du skal reise i, fortel Wenche Berger, som er produktansvarleg i NSB for interrail.

– Det synta seg at folk reiste oftare og stuttare enn før. Derfor var det rett å innføre nye korttidsvariantar av interrail. Tilbodet om fem reisedagar over ein tidsperiode på ti dagar har slege særst godt til blant dei vaksne. Ungdom vel ofte å vere borte noko lenger og kjøper som regel interrail for 22 dagar eller ein heil månad, seier Berger.

#### POLITISK DEBATT:

*Ein kan velje om ein vil delta eller berre lytte til diskusjonane som oppstår i ein kupé, om alt mellom himmel og jord.*

med desse gamle mennene, dei døyr jo aldri! ropar juristen. Ei av dei amerikanske damene liker ikkje Hillary, men vert reint salig når ho nemner Obama.

Om ein vert lei høglydte medpassasjerar, kan ein gå i restaurantvogna og ta ein øl eller ein heil middag, alt etter lommeboka. Sjå landsbyar, kjøkenhagar og murar med graffiti suse forbi. Som togpassasjer ser du ikkje berre turist-sida.

Italia er halvruftsete og hyper-elegant på ein gong, så ulikt Sveits. Vesle Europa med alle dei små rare og ulike landa.

Påskeferien er snart slutt. Etter ein dag Venezia reiser den yngre garde heim med sine tidagarsbil-



- ▶ lettar, raude kjakar og alt skiutstyret. Vi gamlingar har 22-dagarsbilletter, og skal vidare til Manarola i Cinque Terre. Den vennlege dama i luka på jernbanestasjonen i Venezia gjev oss soveplassbilletter forbi Genova og heilt til Savona. Kanskje for at vi skulle kunne sove litt lenger?

Tidleg neste morgon passerer vi marmorbrota ved Carrara, der både Olav-statuen og operaen har sitt opphav. Steinane er skinande kvite og ikkje gule.

#### Det går alltid eit tog attende

Lokaltoget gjennom dei fem byane i Cinque Terre slyngjer seg like mykje gjennom fjell som ute i det fri. Interrailbilletten gjeld ikkje her, men med eit tredagars Cinque Terre-kort til ein dryg hundrings kan vi reise med tog og buss, besøke alle musea og traske alle dei steinsatte stiane mellom dei fem byane.

Både fastbuande, turistar og dei som jobbar i byane, må sette frå seg bilen på store parkeringsplassar ovanfor sentrum. Rommet vårt

ligg i landsbyen Volastra eit par kilometer spasertur ovanfor Manarola.

Vi har kasta ullongsen og går langs eldgamle steinsatte stiar. Det raslar og taslar i tørt lauv langs seter stien. Av og til ser vi snurten av ein syltynn firfirslehale som forsvinn inn i ei sprekk i muren.

Det buldrar fjernt frå brenningane langt under oss. Sola steikjer i den sørvendte hellinga, der det framleis vert dyrka vindruer på ein del av dei eldgamle terrassane. Det er 6 700 kilometer med steinmur-

ar i Cinque Terre, som er ein del av verdsarven tilliks med Nærøyfjorden og Geirangerfjorden. Mange av dei brattaste teigane er attgrodde, og enkelte stader har muren rasa ut. Når vi er lei av å gå, tek vi toget med vogner i to etasjar attende.

#### Stille morgon

Utanfor det opne vindaugget høyrer vi sopolime mot stein, svisj, svisj. Ein hund gneldrar ein stad. Det knirkar i ein port – det er nabo-dama som skal henge opp kles-

vasken. Lydane frå dei smale gatene er reine, ein og ein. Etter kvart vert det liv på kjøkenet, det skramlar i kjørel.

Vi et frukost på takterrassen, studerer togkartet over Europa og ser ut over havet, på klare dagar kan ein sjå Korsika herifrå. Det er rabatt på ferja dit – skal vi droppe Praha denne gongen? Vi hadde tenkt oss til Pisa også. Og kva med kameraten vår i Innsbruck vi hadde planar om å besøke? Det er så mange stader ... Vi tel dagar som er att og tek toget til Lucca.

#### Sykkelbyen

For ikkje mange år sida var den gamle byen eit bilmareritt. Men i dag er det berre dei fastbuande som har lov å køyre inn byportane, og sykkelen er meir påtakeleg her enn i Amsterdam.

Turistinformasjonen ordnar eit rimeleg rom til oss rett sør for bymuren, på Tango Hotel, drive av eit fyrverkeri av ein spansk-argentinsk designar, ho ser ut som ho er konstant klar for ein tango.

Retten ved jernbanestasjonen finn vi utleigesyklar. Området rundt

### INTERRAILBILLETEN

- ▶ Kan du kjøpe på NSBs stasjonar, [www.interrailnet.com](http://www.interrailnet.com) eller ring 815 00 888.

#### NYTTIGE TIPS:

- ▶ Legg ein plan, men du treng ikkje å følgje han.
- ▶ Ikkje reis i for store grupper. Fridomen i ein interrailbillett gjev så mange val. Jo fleire som skal bli samde, jo vanskelegare.
- ▶ Ikkje ver for ambisiøs og legg inn for mange stader på kortast mogleg tid.
- ▶ På ein del intercitytog trengst reservasjon eller plassbillett. Bruk mest mogleg lokale, sakte tog. Då ser du meir og opplever meir også.
- ▶ Hugs niste! Ingenting øydelegg ei togreise meir enn gnagande svolt og tørst. Ikkje alle tog har restaurertvogn eller trillevogn, det er dessutan dyrt.
- ▶ Hugs òg at ein sovekupé er rimelegare enn ei hotell seng.

#### NYTTIG Å HA MED:

- ▶ Thomas Cook: European Rail Timetable, (kan kjøpast på Nomaden)
- ▶ Reisehandbøker og kart
- ▶ Kortstokk
- ▶ Tjukk roman (paperback) med små skrift
- ▶ Tannpirkarar
- ▶ Dopapir
- ▶ Piripiri (sterkt krydder for dei modige som tingar til dømes den lokale suppa, som viser seg å vere laga av innmat frå geit)
- ▶ Lommeparlørar (lær alltid nokre ord av språket i eit land)
- ▶ Få, men praktiske kle med lommer (du har likevel ingenting å stille opp med mot dei italienske damene og herrane)
- ▶ Barn i alle aldrar. Barn er kontaktskapande, dessutan lærer dei å reise miljøvennleg, bli nysgjerrige og sosiale.
- ▶ Eit smil (det aller viktigaste)



#### SYKKEL + TOG:

Mange europeiske land har egne sykkelvogner på toget. Men ein kan og leige sykkel, som her i Toscana.



- Lucca er ypparleg for sykkelturnar, men skaff eit godt kart. Vi rota oss bort på «Vin og oliven-ruta» og enda opp på ein humpete sti vakta av ein hoggorm. Magane rumla, og vi kasta oss inn dørene på det første pizzeriaet vi fann då vi kom attende til sivilisasjonen.

#### Heimveg

Vi tråklar saman ei stram reiserute frå Lucca til Hanstholm, med sju togbytte og ein buss. Det skal ta vel eit døgn. Det er små marginar, men litt spenning må ein jo ha.

Etter Basel får vi vitjing av tre i uniform. Kvinna tek passa våre og tek fram telefonen. Sjefen spør kor vi er ifrå, kvar vi har vore, så må vi tømme alt i alle lommer, han snusar i sigaretteska mi og ler av Swiss Army-kniven min.

– For children, seier han og viser oss sin eigen blenkjande springkniv. Toalettmappa mi inneheld to mystiske, små flasker.

– Ein for å ruse seg og den andre for å bli nøktern? spør han spøkefullt. Eg skrur opp korkane så sjefen får lukte, forklarar at det er solhatt i tilfelle vond hals og perikumolje til ryggmassasje. Då gjev han opp, dama har ikkje funne oss som ettersøkte og dei smiler og takkar for merksemda. Lærlingen lærte truleg at to mistenkjelege, gamle hippiar ikkje nødvendigvis har med seg noko ulovleg.



**VARMESTOVE:** For dei bustadlause kan ei togreise vere eit rimeleg pusterom frå livet på gata.

Ein streng, men hjelpsam konduktør i Basel har laga ein betre reiseplan for oss nordover. Den omfattar også to timar kald venting i Frankfurt midt på natta. Ullongsen kjem på att.

Det vert ei rufsete natt med lite søvn, gamle skrottar er støle og maroder. Vi slumrar vidare nordover og håper vi rekk ferja. Det skal jammen bli godt å kome heim, tenkjer vi. Og det er jo fint, for vi hadde eigentleg ikkje lyst til å forlate våren. Men neste gong skal vi legge inn eit avbrekk på returen, eit par dagar ein stad vi lenge har drøymt om. Problemet er ikkje å finne slike draumar. Problemet er å velje. I heile Europa.



## Interrail for jernbanefolk

Togferie i år? Fribillettkontoret gir jernbanetilsette FIP-kort og billettehefte. Med det kan du lysteleg utforske Europa til ein rimeleg penge.

**Tekst:** ARVID BÅRDSTU

Dei andre har InterRail. Jernbanetilsette har sitt eige system – som er fullt oppegående og konkurransedyktig. FIP, som ganske enkelt står for «Facilités de circulation Internationales du Personnel des chemins de fer». På

norsk: «Moglegheit til å reise internasjonalt for jernbanefolk» FIP gir kollegaer frå andre land eit rimeleg tilbod om å skaffe seg impulsar og tilfredsstillende egne jernbanedrifter Europa rundt. Alle jernbanetilsette som har

hatt heil stilling i meir enn eitt år, kan få FIP-billett til seg sjølve og moderasjonsbevis (50 prosent rabatt på billettprisen) til ektefelle og eigne born under 25 år (om dei ikkje har eiga inntekt). Alle dei store togselskapa i Europa ønskjer deg hjarteleg velkomen som gratispassasjer – utanom «søta bror» i SJ ...

#### Fly eller ferje ut

Fribillettreisande som vil ta tog ut av landet i retning kontinentet,

kjem gratis til Kornsjø. Derfrå til Gøteborg får du halv pris. Då er det kanskje like greitt å ta den første etappen med ferje eller fly sjølv om SJ har nokre særlege billetter om du er heldig å få tak i ein slik.

Elles i Europa går det helt greitt å reise gratis på FIP-billett – heilt til du støyter på ein obligatorisk plassreservasjon. Det gjeld både for sete og for seng. Nokre andre unnatak er det òg på ein del grensekryssande tog, men særskilt dyrt

er det ikkje. Det såkalla FIP-tillegget er ikkje det som øydelegg feriebudsjettet. Men ver oppmerksam på at tillegget kan variere etter om det er rushtidstog eller ikkje.

#### Høg fartstog

For ein nordmann kan det vere artig å køyre med høg fartstog. Ver velkomen! Eurostar tek imot deg på «Standard Class» mot eit lite tillegg. Det same gjer Thalys, AVE i Spania og TGV-toga som

går ut av Frankrike. I Frankrike får du køyre TGV heilt gratis mot å betale plassavgift.

FIP-kortet kan nyttast i 28 land i Europa. Dessutan gir kortet hyggelege rabattar på nokre ferjer.

Når du er på togtur i Europa, vil du fort finne ut at det eigentleg ikkje står så dårleg til med jernbanen her i landet. Kanskje med unnatak for det dei andre sel frå trillevogna. God reise!

**BARN:** Mange ungar er redde for å fly og vert sjuke i bil. Tog er det optimale framkomstmiddel, og det er i tillegg spennande.